
Fra: Vatshelle, Øyvind <fmhooyv@fylkesmannen.no>
Sendt: 12. september 2017 10:00
Til: Eidfjord kommune; Os kommune; Sund kommune; Ulvik herad; Øygarden kommune; Bergen kommune; Bømlo kommune; Etne kommune; Granvin herad; Kvam herad; Voss kommune; Postmottak Meland; Post Osterøy; Ullensvang herad; Postmottak Fedje; Stord kommune; Bergen kommune, Etat for landbruk; Postmottak Lindås; Odda kommune; Postmottak Radøy; Postmottak Austevoll; Post Austrheim; Post Masfjorden kommune; Postmottak Modalen; Jondal kommune; Samnanger kommune; Sveio kommune; Askøy kommune; Fitjar kommune; Fjell kommune; Fusa kommune; Kvinnherad kommune; Tysnes kommune; Postmottak Vaksdal
Kopi: Vatshelle, Øyvind
Emne: Tilskot til drenering av jordbruksjord - meld behov innan 13. september
Vedlegg: Tilskot til drenering av jordbruksjord - ramme 2017 per sept.PDF

Her kjem e-posten også med vedlegg..

Til kommunane i Hordaland!

Vi bad tidlegare om at kommunane innan 10. sept meldte behov til oss, angående ekstra midlar til dreneringstilskot i 2017. Sjå mellom anna brev datert 11. august: «Informasjon om endringar som følgje av jordbruksavtalen 2017»

Vi har så langt fått melding om behov for ekstra pengar berre til Meland (kr 48.600) og Masfjorden (kr 13.000).

Sjå vedlegg for kor mykje kvar kommune har igjen til disposisjon per 11. sept.

Er det riktig at alle andre kommunar reknar med å ha nok pengar i år? Også etter å ha gjort det kjent at tilskotssatsen er dobla...

Ny utsett siste frist for tilbakemelding: i morgon onsdag 13. sept. i løpet av dagen.

Dagen etter skal vi melde Hordaland sitt behov for ekstra pengar i år til landbruksdirektoratet.

Vi ser også at nokre kommunar har ekstra mykje pengar att, til dømes Radøy, Voss, Kvam. Men også Osterøy, Sveio, Etne, Vaksdal, Bergen...

Reknar de med å ha bruk for alt, eller kan de gje frå dykk noko av dette til fordeling til andre kommunar?

Vi har behov for tilbakemelding innan i morgon onsdag 13. sept. i løpet av dagen.

PS: lenke for innsending av SMIL-vedtak, som informert i e-post frå oss 16. juni: :

<https://edoc.fylkesmannen.no/eDocument.Viewer/FMHO/SMIL>

Det vil gjere det lettare for dykk å rapportere og arkiv får mindre arbeid her på huset.

Med vennleg helsing

Øyvind Vatshelle
Seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland

Landbruksavdelinga

Telefon: 55 57 21 78

<http://www.fylkesmannen.no/Hordaland/>

[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)